

ÅRSMELDING FOR BØMLO TUR OG SOGELAG 2012

Styret i laget har i 2012 vært:

Leiar: Norvald Nytveit, Nestleiar: Bernt Emil Vika, Kasserar: Lene Tendeland, Sekretær: Nancy Helen S. Olsen, Styremedl: Odd Engen og Ivar Barane

Laget har sidan forrige årsmøte hatt 6 ordinære styremøter

Skjærtorsdagsturen til Bergeseidet hadde bra med deltagarar. Det var sal av pølser, vafler og kaffi. Det var også utlodning.

Bømlo Tur og Sogelag har i 2012 markert 40 års jubileum. Rundt 90 personar møtte til denne markeringa. Tollef Hidle var festalar. Nina Sele hadde kulturelle innslag og Inge Harald Viestad spela til dans. Krabbe, kaker og kaffi vart servert. Eidesvik Invest gav kr 30.000 pr. år i tre år, totalt kr 90.000 i jubileumsgave. Odd Engen og Svanhild Vespestad vart utnemde til æresmedlemmer av laget. Norvald Nytveit leia festen.

Det har vore arrangert country fest på Berge, 21.07.12. Det var eit vellykka arrangement der ca 60 personar deltok.

21.09.12 vart det arrangert 50-60 talls musikk på bygdatunet. Ca 60 stk møtte.

10.11.12 vart det arrangert 70-80 talls musikk på bygdatunet. Ca 90 stk møtte.

I November vart det arrangert kosekveld på Berge med rømmegraut og "godsaker".

Det er kjøpt inn informasjonstavler til Bergehustet, Fridtun, Hilleborgstova og Karinestova. Desse vil ha både norsk, engelsk og tysk informasjon.

Dugnadsgjengen har arbeidd svært godt. Smia på Berge er ferdig. Mykje arbeid er gjort både på Fridtun og Hilleborgstova. Arbeidet her pågår framleis. Karinestova har fått noko ny kledning. Laget har eit godt samarbeid med Sunnhordland museum v/ Magne Gravdal. Det er og gjort mykje vedlikehaldsarbeid på Ådnahytta.

Laget har motatt gave fra Signe Lønning: ein gammal bibel og ein del dukar til Bergeshuset.

I tillegg til gåva frå Eidesvik Invest har laget motatt gave frå Simon Eidesviks Minnefond og Haugesund Sparebank.

Det vart også i 2012 trykt 800 eksemplar av Leidarsteidn. Prisen er kr 100 og salet var godt.

Laget er no kome på Facebook. Her vert det lagt ut informasjon/ planar laget har.

11.04.13. Nancy Helen S.Olsen